

Sak 6.1:

Fullmakter i Øystese idrettslag for 2018 fram til neste årsmøte

Utsnitt frå gjeldande vedtekter til ØIL

§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett m.v.

(3) Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.

(7) Disposisjonar av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget sin storleik og verksemd, også låneopptak, skal vedtakast av årsmøtet. Årsmøtet bør vedta eit særskilt fullmaktsreglement knytt til slike disposisjonar.

§ 19 Grupper/avdelingar/komitear

(3) Heile idrettslaget heftar for gruppene/avdelingane sine økonomiske plikter og ansvar, og grupper/avdelingar kan ikkje gjere avtaler eller representere idrettslaget utetter utan godkjenning frå styret, jf. § 18.

Styre si vurdering

Med bakgrunn i ansvaret som ligg til "heile idrettslaget" rår styret til at det er kun leiar i ØIL-hovudstyret som skal inneha signaturrett og prokura.

Styret si innstilling til vedtak:

Årsmøte gjev følgjande fullmakter for 2018:

- (1) Signaturrett (dvs. fullmakt til å opptre på vegne av idrettslaget i alle saker) vert delegert til leiar i ØIL, dvs. person valt på årsmøte 20.03.2018.
- (2) Prokura (dvs. fullmakt til å opptre på vegne av idrettslaget i alt som gjeld drifta av laget, med unntak frå overdraging eller pantsetjing av blant anna fast eigedom tilhøyrande laget) vert delegert til leiar i ØIL, dvs. person valt på årsmøte 20.03.2018.
- (3) Disponering av ØIL-bankkonti.
Hovudregel: Skal disponerast av to personar i fellesskap.

Bankkontoar for hovudlag:

Driftskonto: 3530.27.13942 (SpV)

Høgrente: 3530.27.13934 (SpV)

Skattetrekkskonto (FFO/IFO): 3530.26.77377 (SpV)

Leiar og kasserar i ØIL vert gjeve disposisjonsrett i fellesskap, dvs. personar i verv valt på årsmøte 20.03.2017.

Vekstra Hardanger og Voss AS som rekneskapsfører for ØIL skal ha disposisjonsrett til alle kontoane. Same gjeld evt. ny rekneskapsfører om ny avtale vert inngått.